

Radøy kommune
 Radøyvegen 1690
 5936 Manger

22.05.14

Klage over vedtak – søknad om deling av gnr.46 bnr.15 Manger Øvre.

Frå landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy fekk eg melding om at det var fatta vedtak i høve søknaden min dagsett 11.03.2014. Eg fekk meldinga 22.05.14. Frist for klage er såleis 12.06.

Vedtaket lyder slik:

«Rådmannen gir ikkje samtykke til deling av gnr/bnr 46/15. Vedtaket har heimel i Jordlova §12».

Det er vanskeleg å forstå kva som er grunngevinga for avslaget, men slik eg les brevet, er grunngevinga at rådmannen meiner det er betre vern av arealressursane og betre grunnlag for å take vare på busetting om eigedommen min ikkje vert delt slik eg søkte om.

Dessutan meiner rådmannen at det frådelte tunet vil skape ulemper for landbruksdrifta sidan det kan seljast til andre? Og sidan det meir vert ein bustadeigedom enn landbruk?

Eg føler i denne saka at rådmannen i Radøy ikkje heilt har forstått kva dette gjeld?
 Eg vil difor kort gå gjennom kva saka gjeld nedanfor.

Eg eig gnr.46 bnr.15. Dette bruket har 26da fulldyrka jord, 5,3da overflatedyrka jord og 48da innmarksbeite. Utmarksareala er for det meste myr eller grunnlendt fastmark som det er vanskeleg å nytte til noko utan store investeringar. Bruket har ikkje tenleg driftsbygning. Men eg har i løpet av mi tid som eigar prøvd å finne ein måte å nytte eigedommen på som kunne gje inntekt utan alt for store investeringar. Eg har ikkje lukkast med dette.

Det som eg har lukkast med, er å sette i gang eit mangesysleri der hageareala rundt tunet og eigedommen sine rettar i sjø gjev grunnlag for inntekt knytt til aktivitet på sjøen og til miljøvenleg produksjon av grønnsaker og oppal av ymse slag dyr. Dette er ein god kombinasjon som høver bra for meg. Det ser og ut til at samfunnet rundt synes desse aktivitetane høver inn i lokalsamfunnet.

Arne Manger eig nabojord – gnr.46 bnr.8. Dette bruket har nær 48da fulldyrka jord, 41da overflatedyrka jord og 31da innmarksbeite. Bruket har ikkje tenleg driftsbygning, men eigaren ynskjer å bygge nytt til mjølk. Han har mjølkekvote som førebels er utleigd til samdrifta på Toska. Han har lyst til å satse som bonde, men treng eit betre arealgrunnlag. Han vil kjøpe slåttemarka som høyrer til mitt bruk, og dessutan utmarka.

Geir Smith eig eit bruk som består av mange ulike teigar. Ein del - gnr.46 bnr.17 ligg mellom anna her på Manger Øvre. Bruket hans har 18,7da fulldyrka areal, 15,1 da overflatedyrka areal og 34,2da innmarksbeite. Han har god driftsbygning og er i dag ein av tre bruk som driv med mjølk på Manger. For å satse meir treng han areal. Han ynskjer å kjøpe innmarksbeita frå min eigedom. Dette arealet har ein gong delvis vore slåtteland, og grenser til anna areal han eig. Dersom Geir får overtake dette arealet får han grunnlag for å halde fram som bonde, og sonen finn det interessant å overtake?

Slik eg ser det vil ein med den omsøkte delinga oppnå at det vert vidare drift i tre tun i staden for reelt sett i eit og eit halvt som no: Geir Smith sitt eine og mitt halve. Arne driv no grashausting, men med meir areal vil han kunne starte opp att med mjølk?

Alle tun vil vere busett, og det vert sikrare busetting når alle eigedommane får eit areal dei føler seg meir tente med?

Busetting er heller ikkje noko problem sentralt på Manger. Utfordringa er å sikre at areala er i bruk, og ikkje berre ligg og ventar på å bli tekne til bustadføremål?

Såleis meiner eg at delinga eg har søkt om vil føre til at det vert skipa ein meir tenleg og variert bruksstruktur på Manger Øvre enn i dag, slik revisjonen av §12 i jordlova legg opp til. Arealressursane vert verna betre sidan dei vert tekne i meir aktiv bruk.

Eg kan heller ikkje sjå at delinga vil skape ulemper for landbruksdrifta. Areala ligg der dei ligg, det er same folket som skal nytte dei, men fordelinga av areala vert litt meir tenleg enn i dag. Dei som skal kjøpe dei ulike partane har felles grenser til dei areala som vert kjøpt, og gevinsten ved dei meir rasjonelle og større teigane, kan ein ikkje tvile på.

Slik eigedommane ligg i dag, både min og naboane sine, er dei verken til å leve av eller til å satse på. Med deling slik det er søkt om, vil me alle få eit betre grunnlag til å dyrke dei interessene me brenn mest for.

Med dette ber eg om at delinga slik det er søkt om vert teke opp til ny vurdering. Eg ber om at rådmannen sett seg inn i tilhøva som gjeld for det einskilde bruket som er del av denne prosessen, og vurderer på nytt om ikkje delinga vil gje positiv vinst for alle, både samfunnet, Mangerbygda og den einskilde grunneigar og landbruket.

Med helsing



Børje Møster.